

MUSIKK/KULTUR GJENNOM TIDENE!
Den kristne kulturen: Sen middelalder-Dante

SKIRINGSHEIMEN

Song 1

PÅ STRANDA. CATO

No skal eg kveda om det andre riket,
der sjela skirslast for sin himmelveg,
til verdig opp ho stig med sine like.

.....

Eg vende augo bort fråd ei en grann.
Då brått, nær meg, mot andre himmeldraget,
der Store Bjørn alt under leitet rann,
ein einsleg gubbe stod. Med sjølv laget
han vekte slik ein vørndnad i mitt sinn
at son såg aldri far med større age.
Gråsprengt fall lange skjegget frå hans kinn,
og gråsprengt håret fløynde, til dei bringa
med dobbel straum av lokkar hulde inn.

Cato

.....
"Kven er vel de, som fer der ingen skal,
or fengslet, mot den blinde straum?" han ropa,
med håret vørdeleg i våger vall.
"Kven heldt si førarlykt i Helvetgropa?
Kven kløyvde mørkret som for ævleg tid
har natta ned i denne svelgen sopa?
Gjaldt avgrunns lov einast ei lita ri?
Har himlen no skifta hug? Skal eg få sanne
At dømde sjeler på mitt flåberg skrid?"

Då truge gjekk min førar meg til hande.
med ord og gjerd han baud meg vørdsamt fara,
og bøye kne, og lute djupt mi panne.
"Hit kom eg ikkje sjølvrådd," så han svara.
"Ei møy steg ned frå himlen. Mannen der
bad meg føre hit, og vaksamt vara.

Beatriceho

.....
Min ven såg ikkje livsens skymingsgråe,
Men full av dårskap øydde seg og alt
og snart laut vente på fortapingsbodet.
Då kom eg til han, slik eg har fortalt,
Og ingen veg bar fram til betre grender
Forutan denne eine eg har valt.
Eg synte han den ætt som æva brenner.
No skal han framfor andre sjeler stå,
som her blir skirsla under dine hender.

Vergil:

.....
Frå augo må du stryke siste sløret
av Helvets grugg, om du vil møte *han*

Cato:

som skal dykk gjennom første porten føre.
Kring denne øya, langs den låge strand,
Der kysten bøyer seg mot bølgeslaget,
ein skog av sev og mjuke dyet rann.
Kvar lauvrik vokster snart kom der av dage,
og børen måtte bryte stylken stiv,
men sevet audmjukt følgjer båredraget.
”Hald fram frå der! Alt lyftest i sitt sviv
den bjarte sol. Ho skal dykk gje til kjenne
kvar vegen lettast oppfor berget kliv.”

Song 2

SJELENE LANDAR. CASELLA

Alt seig den høge sol mot himmelranda,
på vegen sin der middagslina dekkjer
Jerusalem. Og natta steig frå landa.

.....
Då sjå! Som Mars, når mørkret straks har lide,
raudt logar bak sitt slør av eim og natt
lågt nedi vest, slik over vidda vide
det kom et ljøs. Gjev eg må sjå det att!
Det nærma seg så undersnøgt i floget
at ingen fugl skjer fram så brått og radt.

.....
På bae sider skein ein eld så kvit
at orda svik meg, og nedunder tende
ein tredje brann, som lyste ende hit.
Men meisteren ordlaus stod ved det som hende,
til venger skilleg skein i ljøsken med.
Då brått eg så han styresmannen kjende.
Han ropa til meg: ”Fall på kne! På kne”
Ein av Hans englar! Ned, med falda hender:
For første gong må dette no deg skje!
Ikkje med årar fram han båten sender,
Han vrakar mannsens kunst og sjømannsferd.
Segl-venger driv hans skip til fjerne strender:
sjå kor dei ende opp åt himlen slær!
I æva desse fjører lufta kløyvde.
Dei fellest aldri, slik som våre gjer.”

.....
Den høge ifrå himlen held hans (båtens) ror.
På panna hans stod skriven himlens sæle,
Og meir en hundre sjeler var om bord.

.....
Brått såg eg ein av dei imot meg stemne
med opne armar, og så varm og god
at sjølv eg ville han med kjærleik femne.
Å hildreskuggar utan kjøtt og blod!
Tre gonger bak han møttes mine hender

Songaren Casella

og like tome dei mot bringa slo.

.....
"Forløyst or kroppen min eg har deg kjær,"
sa han, "som då han enno ljuvt var min.
Så drygjer eg. Men kvifor kom *du* her?"

"Casella, ven: så vegen heim eg finn
ein annan gong," sa eg. "Men no, fortel
kvifor nett *du* så seint vart henta inn?"

Han sa: "Å det er all ting godt og vel.
Han som set dag, og tek oss ut til ferda,
tok mange gonger først en anna sjel
enn meg, slik rettferd vilje baud han gjera."

.....
Eg sa: "Om ikkje nye lover no
tok or ditt minne søte kjærleikssongen
som ein gong svævde all min lengt og til ro.

.....
"Elskhug som mitt hjarta ljuvleg talar",
slik byrja han så fagert for meg kveda
at søte tonen enn i hjarta hjalar."

Dantes ungdomsdikt

.....
Fjetra vi stod, med´ songen sjela fylte.
Då brått den gjæve gubben sette i:
"De sløve: kan de gløyme det de skyldte
og stogge her, og spille dykkar tid?"

Cato

.....
slik sjeleskaren kvarv for hastig bør
og gløymde song og alt, og flaug mot lia,
lik folk som berre spring og ikkje spør.
Og vi to heller ikkje lenger bia.

Song 3

BANNLYSTE. MANFRED

Så flaug vi alle bort fra dette stellet,
og annvint skunda dit, på vegar spreidde,
der vitet sit til doms på Skiringsfjellet.

.....
Då kom ein flokk fra venstre. Sjeleskreia
la vegen mot oss, men så seint seg aka
at snaut teg såg dei flytte seg, å seia.

døde under bann

.....
"Kven du så er," ein av dei tok til orde,
"sjå med´ du går, og ransak minnet no
om vi ikkje ein gong har saman vore".
Eg augnefór han nøye, der han stod,
ein fager, ljoleit kar med adelsgjerdar,
men eine bruna hans var kløyvd i to.
Audmjukt eg sanna at i andre verda
såg eg han aldri. "Her" – med dette ord

han synte meg eit brystså, jamt med herda:
"Manfred var eg. Constanza, bestemor,
var keisarinne," – og han lo ein grann.

"Eg bed deg: når du atter ser vår jord
finn fagre dotter mi, som med *sin* mann
fekk kongane av Aragon og Sicilia,
og hels ho frå meg! Soga *mi* er sann

han er ikkje i Helvetet

To banesår vann meg frå livet skilja.
Men eg med angers gråt meg gav i hende
åt Han som æveleg har nåden vilja.
Fælsleg var synda mi, men aldri kjende
Guds godleik grenser: arman´ut er rette
til von for dei som åt Hans famn seg vende.

erkebisp

Om den Cosenza-bisp som Clemens sette
På faret mitt, i hjarta visste *det*
Som skal ved domen våre synder slette,
då ville mine leivder kvilt i fred
ved Beneventos bru i ævords år
innunder røysa der dei tyngdest ned.

.....
Ikkje for tid og æve brenner bannet:
utrøyttelig Guds kjærleik attervender
så lenge vona enno grøn må stande.
Men om vår kyrkje nokon frå seg sender,
og så han angrar, men må døy i bann,
då lyt han bu i dessa låge grender
fullt tretti gonger *til* den tid som rann
i syndig trass. Men tida styttest der
ved fromme bøner. Det er dei som *kan*.

No ser du kvi du blir meg mykje kjær
om trugne dotter mi du ord vil bera
at *her* du såg meg, at eg biar *her*.
Dei maktar mykje, dei som er i verda."

så hun kan be for han

Song 9

I song 4-8 byrjar vandrane å klive oppetter Skiringsberget. Alle stader møter dei flokkar av botferdige syndarar som på ymis måte blir reinsa ved straff.

Song 27

VANDRING GJENNOM ELDEN.

Alle stader ser og skildrar diktaren nye grupper av syndarar: misunnelige, vreidlyndte og sløve, gjerrige og øydesame, fråssarar, vellystige og sodomitter, og han blir synt dømme på dei motsatte dygder. I samtalar og store biletlege symbol får han vite korleis mennesket blir til med kropp og sjel, korleis hámen lever vidare etter døden, og korleis det har seg med filosofiske problem som den frie viljen og Guds sanne kjærleik. – For å komme til det jordiske Paradiset må dei gjennom elden som lutrar sjelene, og Dante blir skjelvande redd. Men tanken på å sjå Beatrice hjelper ham.

Song 29 TRIUMF-FERDA ÅT KYRKJA (Den sigrande kyrkja)

